



**SØR-FRON
KOMMUNE**

Verksemdplan for oppvekst 2018-2020



Innhold

1. INNLEIING	3
2. NASJONALE OG LOKALE FØRINGAR	3
3. VISJON OG VERDIAR	5
3.1 Overordna visjon for skular og barnehagar i Sør-Fron	5
3.2 Verdier	5
4. DEI FAGLEGE OG KVALITATIVE MÅLA VI ØNSKJER Å OPPNÅ	5
4.1 Nasjonale mål	5
4.2 Felles pedagogisk plattform	6
4.2 Rammefaktorar	6
4.3 Kompetanse	7
4.5 Tilpassa opplæring og tidleg innsats	9
4.6 Grunnlag for vurdering	10
4.7 Grunnleggjande ferdigheiter	11
4.8 Samarbeid heim – barnehage/ skule	13
4.9 Kvalitetsvurderingssystem om krav i opplæringslov og forskrifter	15
4.10 Vurdering av måloppnåing	15
5. KOMMUNALE SATSINGSOMRÅDE	16
5.1 Etter og videreutdanning	16
5.2 Inkluderande barnehage og skulemiljø	16
5.3 Skoleutvikling og ikt	17
5.4 Lærarspesialistfunksjonen	17

1. INNLEIING

Verksemdplanen for oppvekst er eit overordna kommunalt dokument og er forpliktande for alle i oppvekst.

Verksemdplanen skal hjelpe oss å halde fokus mot vårt langsiktige mål gjennom å prioritere dei riktige satsingsområda og ta dei riktige vala. Verksemdplanen er i så måte meint å vere ein utviklingsplan. Den skal skildre kva Sør-Fron kommune oppvekst ønskjer å oppnå, og kva faktorar som vil vere med å styre og påverke desse ønskja.

I det daglege arbeidet inngår også ei mengd driftsoppgåver som over tid er med på å utvikle vår organisasjon i ønskja retning. Desse er ikkje teke med i verksemdplanen.

Verksemdplanen har vorte rullert og politisk handsama annakvart år frå hausten 2010. Kvar seksjon i oppvekst er integrert i denne overordna planen, og har derfor ikkje ein eigen plan.

2. NASJONALE OG LOKALE FØRINGAR

- Opplæringslova med føreskrifter (<http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>)
- Generell del av læreplanen/læringsplakaten (<http://www.udir.no/Lareplaner/Kunnskapsloftet/Generell-del-av-lareplanen/>)
- Kunnskapsløftet 2006 (<http://www.udir.no/Lareplaner/Kunnskapsloftet/>)
- Fagplaner i Kunnskapsløftet 2006 (<http://www.udir.no/Lareplaner/Finn-lareplan/>)
- Kvalitetsvurderingssystemet ([Sjekkliste kvalitetssystem](#))
- Plan for kompetanseutvikling i Sør-Fron kommune
- Lokale læreplanar i alle fag
- Skulens ordensreglar ([Forskrift om felles ordensreglement i skulane i Sør-Fron](#))
- Plan for godt skulemiljø
- Lov om barnehagar (<http://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>)
- Rammeplan for barnehagen (<http://www.udir.no/Barnehage/Rammeplan/Rammeplan-for-barnehagens-innhold-og-oppgaver/>)
- Stortingsmelding nr.41 (2008-2009) *Kvalitet i barnehagen* (<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/2008-2009/stmeld-nr-41-2008-2009-.html?id=563868>)
- Stortingsmelding nr. 16 (2006-2007) "*...og ingen sto igjen*". *Tidlig innsats for livslang læring* (<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/2006-2007/stmeld-nr-16-2006-2007-.html?showdetailedtableofcontents=true&id=441395>)
- Stortingsmelding nr. 31 (2007-2008) *Kvalitet i skolen* (<http://www.regjeringen.no/pages/2084909/PDFS/STM200720080031000DDDPDFS.pdf>)
- Stortingsmelding nr. 44 (2008-2009) *Utdanningslinja* (<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/2008-2009/stmeld-nr-44-2008-2009-.html?showdetailedtableofcontents=true&id=565231>)
- Melding til Stortinget nr.19 (2009-2010) *Tid til læring* (<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/2009-2010/Meld-St-19-20092010.html?showdetailedtableofcontents=true&id=608020>)
- Melding til Stortinget nr. 22 (2010-2011) *Motivasjon – Mestring – Muligheter* (<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/2010-2011/meld-st-22-2010--2011.html?showdetailedtableofcontents=true&id=641251>)

- Lov om arbeidsvern og arbeidsmiljø (<http://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-62>)
- Vedtekter for kommunale barnehagar og SFO i SF
- Føreskrift om internkontroll, HMS (<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1996-12-06-1127>)
- Føreskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular mv. (<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>)
- [NOU 2015: 2 - Å høre til](#)
- Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø
- [NOU 2014: 7 - Elevenes læring i fremtidens skole](#)
- Et kunnskapsgrunnlag
- [NOU 2012: 1 - Til barnas beste](#)
- Ny lovgivning for barnehagene
- [NOU 2010: 7 - Mangfold og mestring](#)
- Flerspråklige barn, unge og voksne i opplæringssystemet
- Kommuneplan
- Årsplan for barnehagen i Sør-Fron
- Plan/ rutinar for overgang barnehage - skule
- [Beredskapsplan](#) for oppvekst
- [Plan for gjennomføring av nasjonale prøver](#)
- Trafikksikkerhetsplanen
- Plan for Sør-Fron bibliotek 2018-2022
- IKT-plan for barnehage og skule <http://sorfron.iktplan.no/>
- Tilsynsplan
- Plan for godkjenning av barnehagar
- Plan for 3K-samarbeidet
- Aktivitetsplan for skular, SFO og barnehagar
- Felles møteplan for personalet
- Felles møteplan for leiarar
- Arbeidsplanar for lærarane

3. VISJON OG VERDIAR

3.1 Overordna visjon for skular og barnehagar i Sør-Fron

Trivsel og læring for alle

3.2 Verdier

lærelyst
respekt og krav
inkludering
gode relasjonar

(Ctrl + klikk så kjem du til www.udir.no med tekst knytt til våre verdier.)

4. DEI FAGLEGE OG KVALITATIVE MÅLA VI ØNSKJER Å OPPNÅ

Med bakgrunn i nasjonale mål, kommuneplanen sin samfunnsdel, årsplan for barnehagen, gjeldande rammeverk for grunnskule og barnehage, opplæringslova og barnehagelova, vil dette leggje føringar for dei faglege og kvalitative måla vi ønskjer å oppnå for våre skular og barnehagar.

4.1 Nasjonale mål

Stortismelding nr.21 «Lærelyst-tidlig innsats og kvalitet i skolen» 2016/2017 er tydelege på kva dei nasjonale målene skal vere. Det er tre mål som går att i nasjonale, og regionale planer. Desse er:

- Elevene skal ha eit trygt og godt inkluderande læringsmiljø
- Elevene skal meistre grunnleggjande ferdigheiter og ha god fagleg kompetanse
- Fleire elever og lærlinger skal gjennomføre videregående opplæring

4.2 Felles pedagogisk plattform

I vår felles pedagogiske plattform har vi lagt vekt på verdiane:

- **Lærelyst**

Barna/ elevane skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng.

- **Respekt og krav**

Barnehagane og skulane skal møte barna/elevane med tillit, respekt og forventning/ krav. Gje dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst.

- **Inkludering**

Barnehagen og skulen skal utvikle inkluderande fellesskap som fremjar helse, trivsel og læring for alle.

- **Gode relasjonar**

Dei vaksne er gode rollemodellar for at barna/elevane skal behandle kvarandre med respekt og velvilje.

Skulane og barnehagane i Sør-Fron kommune ønskjer å ha ein tydeleg og felles profil. Oppvekstavdelinga arbeider mot felles mål og ein høg kvalitativ standard. Opplæringa skal utvikle elevane sitt totale læringsutbyte slik at dei opplever meistring i kvardagen, som igjen gir motivasjon slik at dei strekkjer seg mot nye mål.

4.2 Rammefaktorar

Skulane og barnehagane i Sør-Fron kommune har som mål å ha ein kostnadseffektiv tenesteproduksjon. Skulane og barnehagane i Sør-Fron skal ha skule- og barnehageanlegg som er eigna for den verksemda dei skal drive (§ 9a-7 opplæringslova), og dei skal ha godkjenningar og vedlikehald etter gjeldande lover og regelverk. Alle barn og elevar skal ha eit trygt og godt læringsmiljø som fremjar helse, trivsel og læring (jmf. opplæringslova og barnehagelova).

Vi har som mål at:

- Alle bygningar og uteområde skal gje rom for elevane og barna sin tryggleik, helse, trivsel og læring.
- Alle bygningar og uteområde skal vere godkjende etter gjeldande lover og forskrifter.
- Alle skal ha arbeidsplassar som er godkjende etter gjeldande lover og forskrifter.
- Rammeplanen i barnehagen skal ligge til grunn for korleis det blir tilrettelagt for læring.
- Læreplanen i skulen skal ligge til grunn for all opplæring.
- Hensiktsmessige læremiddel skal vere tilgjengeleg for elevar og tilsette.

Det som skal gje oss grunnlag for vurdering av dette er:

- Rapportar frå eksterne tilsyn
- Barnehage- og skulebygningar – status vedlikehald (inkl. rapport frå teknisk eining)
- Miljøretta helsevern (godkjenning)
- Referat frå skulemiljøutvala og samarbeidsutvala
- Vernerunderreportar
- Hovudavtale
- Bedriftshelseteneste
- Diverse kartleggingsundersøkingar (nasjonale prøver og elevundersøkinga i skolen og foreldreundersøkinga og «Ståstedsanalysen» i barnehage og skule)

4.3 Kompetanse

Skulane og barnehagane i Sør-Fron har som mål å ha tilsette med høg kompetanse. Kommunen legg til rette for at alle skal få vidareutdanning etter dei nye kompetansekrava i grunnskulen, jamfør endringar i opplæringslova § 10-2, kap. 14. Lærarar som er utdanna før 1. januar 2014, eller som seinare har bestått allmennlærerutdanninga, har fått ein tidsavgrensa dispensasjon frå krava til relevant kompetanse til 1. august 2025. For at pedagogane skal nå dei nye kompetansekrava, har Sør-Fron kommune nytta den statlege ordninga med finansiering gjennom vidareutdanninga «kompetanse for kvalitet».

Sør-Fron kommune har som mål at:

- Fire til seks lærarar skal ta vidareutdanning gjennom denne ordninga kvart år. Oppvekstavdelinga og skulane prioriterer faga matematikk, engelsk, norsk og naturfag.
- Prioriterer at leiarane i barnehage og skule tek vidareutdanning innan leiing.

4.3.1 Kompetanseutvikling i barnehagen

Det er barnehageeigars ansvar å sørgje for at personalet har riktig og nødvendig kompetanse. Revidert kompetansestrategi skal støtte opp om arbeidet med rekruttering og kompetanseutvikling, og er ei vidareføring og vidareutvikling av «Kompetanse for framtidens barnehage 2014-2020». Strategiens mål er å sikre alle barn et barnehagetilbod av høg kvalitet, og den skal bidra til at:

- fleire barnehagelærarar i barnehagen
- fleire barne- og ungdomsarbeidarar i barnehagen
- alle tilsette får moglegheit til vidareutdanning
- fleire barnehagelærarar i barnehagen med utdanning på mastergradsnivå

- alle barnehagar utviklar sin eige pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling

Oppland er inndelt i seks regionar, og Sør-Fron samarbeider også her med Nord-Fron og Ringeby kommune. Høgskulen i Innlandet skal bidra med kompetanse eller eventuelt skaffe nausynt kompetanse, og dei deltek i eit samarbeidsfora saman med regionskontaktane og representantar frå Fylkesmannen. I desse fora blir tema for kompetanseutvikling bestemt ved at regionskontaktane meddelar ønskje frå sin region.

Sør-Fron har som mål:

- Øke kompetanse og ha fokus på vaksenrolla, gruppeleiing og arbeide med endringsprosessar hos de ansatte i barnehagen.

4.3.2. Kompetanseutvikling i skulen

Kunnskapsdepartementet startet i 2017 innføring av ei ny desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skulen. Målet er at alle skular, kommunar og fylkeskommunar, gjennom samarbeid med universiteter og høgskular, skal ta ansvar for og ha handlingsrom til å drive kvalitetsutvikling lokalt. Samstundes skal nasjonale myndigheiter stille krav til at lokale skulemyndigheiter jobber systematisk for å betre elevens læringsmiljø og læringutbyte i alle fag.

Kommunane skal definere og prioritere kva for tiltak dei har behov for å gjennomføre, i samarbeid med universitet og høgskular. Kommunane skal sjølve evaluere tiltaka som blir sett i verk, og dei skal i felleskap (i nettverket) bli einige i korleis midla skal delast og brukast. Fylkesmannen skal leggje til rette for samarbeid mellom skuleeigar og UH-institusjonar, stimulere til utvikling av partnerskap og langsiktig arbeid i lokale kompetansenettverk.

Sør-Fron deltek i eit regionsnettverk med Nord-Fron og Ringeby kommune, og har innleia eit samarbeid med Høgskulen i Innlandet. HIN har gjennomført to samlingar våren 2018, kor skuleeigar og skuleleiarar har delteke.

Satsingsområdet har vore å skolere og tilføre meir kompetanse til leiarar på alle nivå. Det er vidare satt i gang arbeid på den enkelte skule i å implementere overordna del av den nye læreplanen.

Skuleåret 2019/2020 vil kompetanseutviklinga handle mykje om å øve på å ta i bruk ny læreplan. Den trer i kraft hausten 2020. Skuleiere og ledelsen har forveningar om at det blir lagt sterkare føringar på å få kunne tilrettleggje meir praktiske tilnærming i fagfornyelsen slik at blant annet målet om å auke motivasjonen hos den enkelte elev blir oppnådd.

4.4 Inkluderende barnehage og skolemiljø

Skulane har som mål å ha eit godt psykososialt miljø der den enkelte elev opplev tryggleik og sosial mestring. Det skal vere nulltoleranse mot krenking som mobbing, diskriminering, vald og trakassering i skulane i Sør-Fron kommune.

Konfliktar blir handterte på lågast mogleg nivå. Vi har som mål at elevane er aktive deltakarar i sitt eige læringsmiljø, som igjen vil kunne auke motivasjon for læring.

Elevundersøkinga har synt at det er høg grad av trivsel i skulane i Sør-Fron. For å oppretthalde dette, er det viktig at ein jobbar førebyggjande og målretta med haldningsskapande arbeid både på individ- og systemnivå, som igjen vil gi motivasjon for læring. Dette blir gjort blant anna gjennom desse tiltaka:

- Barnesamtalar i barnehagen
- Sørgje for at dei vaksne er gode rollemodellar
- Sørgje for at ansatte har god relasjonskompetanse
- Jobbe med inkludering og ta i bruk de verktøyene prosjektet har lært de ansatte å bruke.
- Verdsette språkleg og kulturelt mangfald.
- Kompetanseheving gjennom deltaking i utviklingsprosjektet «Inkluderande barnehage og skolemiljø»
- Kompetanseheving av leiarar gjennom samarbeid med Høgskolen i Innlandet
- Ha gode rutinar for å behandle enkeltsaker, jamfør aktivitetsplikta kap. 9a
- Bruk av «Det er mitt val» i barnehagen og barneskolen
- MOT i ungdomsskolen
- Oppretthalde og vidareutvikle trivselsleiarar i barneskolane
- Brukarundersøkingar som «Ståstedsanalyse» og foreldreundersøkinga blir gjennomførte på skulane og i barnehagane annakvart år
- Bruk av sosiogram i barnehagen og skolen
- Bruk av den nasjonale elevundersøkinga kvart år i 5.-10.kl., i tillegg til bruk av «Klassetrivsel.no» og ikkje anonym undersøking på alle trinn i skolen
- Alle skulane analyserar undersøkingane nøye, og i verk sett passande tiltak

4.5 Tilpassa opplæring og tidleg innsats

4.5.1 Tidleg innsats i barnehagen

Tidleg innsats i barnehagen – tilsette i barnehagen er dagleg i kontakt med barn og føresette. Dette gjer at barnehagen er i ein viktig posisjon til å observere og motta informasjon barn sin omsorgs- og livssituasjon.

Tilsette i barnehage må ha kunnskap om barn sin normalutvikling slik at dei kan observere når barn treng ekstra oppfølging. Det er viktig å unngå haldningar som «vente å sjå» eller «det går seg til». Tidleg innsats handlar om å gje ekstra oppfølging til dei som treng det så raskt som mogleg.

Barnehagen skal raskt sørge for at dei barna som treng ekstra omsorg og støtte får dette. Dette kan skje innanfor barnehagen sitt ordinære tilbod eller ved at barnehagen samarbeider med andre, for eksempel pedagogisk-psykologisk teneste og familieteam.

4.5.2 Tilpassa opplæring og tidleg innsats i skulen

Alle elevar har rett til tilpassa opplæring (opplæringslova §1-3). Det inneber å stille krav og forventningar ut frå den enkelte elevens føresetnad for å lære, samstundes som eleven skal oppleve meistring. Tilpassa opplæring tydar ikkje at opplæringa skal individualiserast, men at læringsmiljøet skal ta omsyn til elevens ulike evner og føresetnader.

Det er i lova gitt at kommunen skal sørgje for at den tilpassa opplæringa i norsk og matematikk skal innebera særleg høg lærartettleik på 1. – 4. steg. Dette skal særleg rettast mot elevar med låge ferdigheiter i lesing og rekning. Lærarar må ha god relasjonskompetanse og kjennskap til den enkelte eleven sine sterke sider, og kunne bruke varierte undervisningsstrategiar og metodar for å auke motivasjon for læring.

Skulen sine rammer gjev rom for stor grad av tilpassing slik at elevane får moglegheit til å lære på eigne premissar. Ressursar er elles bundne opp i vedtak om spesialundervisning.

Det er eit mål at:

- Alle elevar skal få utfordringar ut i frå evner og føresetnader.
- Alle elevar skal oppleve meistring og motivasjon for læring
- Talet på enkeltvedtak for spesialundervisning skal gå ned.

Det er frå sentralt hald lagt opp til systematisk kartlegging på småskulesteget av elevane si kompetanse innanfor basisferdigheiter i rekning, lesing og digitale ferdigheiter. I tillegg er det nasjonale prøver på 5. og 8. trinn i lesing, rekning og engelsk, og på 9. trinn i lesing og rekning. Med bakgrunn i det datagrunnlaget som kjem fram her, er det eit mål at skulane driv systematisk kvalitetsutviklingsarbeid ved å gjere grundig analyse, og følgje opp resultatet ved å setje i verk tiltak på eigen skule.

Vurdering av eleven si læring skal skje systematisk og i tråd med opplæringslova. Det er fokus på at lærarar skal gi «framovermeldingar» og knytte til mål i Kunnskapsløftet. Standpunktkarakterar i 10. klasse er sluttvurdering og skal relaterast til måla i Kunnskapsløftet. Kjenneteikn for måloppnåing skal vere klåre og godt kommuniserte til elevar og føresette.

4.6 Grunnlag for vurdering

Sør-Fron kommune har som mål at:

- Det skal skje ei systematisk kartlegging og oppfølging av barna/eleven
- Behovet for grunnleggjande norsk skal blir kartlagt

4.6.1 Vurdering i barnehagen

Barnehagane skal i følge Rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver (2017), vurdere det pedagogiske arbeidet fortløpande. Vurderingane skal sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Formålet med vurderingane er å betre eigen praksis og vere i utvikling.

Barnehagen skal følgje opp enkeltbarn sin trivsel og utvikling, men vurderinga skal i hovudsak ha fokus på den pedagogiske verksemda som heilheit.

Tiltak som blir brukt for vurdering er:

- Månadleg evaluering av gjennomførte opplegg og innhald.
- Barnesamtaler med 3-, 4- og 5-åringane kvart år.
- Obligatoriske foreldresamtaler to gonger i året.
- Refleksjon over eigen praksis på personalmøter gjennom året.
- Bruk av kartleggingsskjema «Alle med» og «TRAS» ved behov.

4.6.2 Vurdering i skulen

I opplæringslova § 3-1 står det: «Elevar i offentleg grunnskoleopplæring og elevar, lærlingar, praksisbrevkandidatar og lære kandidat i offentleg vidaregåande opplæring har rett til vurdering. Det skal vere kjent for eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lære kandidaten kva som er måla for opplæringa, og kva som blir vektlagt i vurderinga av hennar eller hans kompetanse. Det skal òg vere kjent for eleven kva som er grunnlaget for vurderinga, og kva som blir vektlagt i vurderinga i orden og åtferd.»

Vidare seier forskrifta § 3-11: «Undervegsvurdering i fag skal brukast som ein reiskap i læreprosessen, som grunnlag for tilpassa opplæring og bidra til at eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lære kandidaten aukar kompetansen sin i fag. Undervegsvurderinga i fag, i orden og i åtferd skal givast løpande og systematisk og kan vere både munnleg og skriftleg».

Skulane skal ha gode rutinar på å gje elevar og føresette skriftlege halvårsvurderingar utan karakter to gonger i året.

Sluttvurdering skal gjevast etter 10. årssteg.

4.7 Grunnleggjande ferdigheiter

4.7.1 Grunnleggjande ferdigheiter i barnehagen

I skulen er grunnleggjande ferdigheiter sentralt. Det vil seie lesing, skriving, rekning, digital kunnskap og munnlege ferdigheiter. Barnehagen er ulik skulen i metode og framgangsmåte, men innhaldet har mange likskapar.

Barnehagane skal jobbe med sju fagområder. Fagområda er beskrive i rammeplanen som har status som forskrift til barnehagelova. Fagområda skal sjåast i samanheng og vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. Rammeplanen seier at fagområda har mykje av det same innhaldet barna seinare møter som fag i skulen.

Fagområda er:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Tal, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn

Barnehagane i Sør-Fron skal vektlegge ei vaksenrolle som ser verdien i å samtale med barn. Vaksne har eit ansvar for å bidra til å auke ordforrådet og innhaldet i barna sitt talespråk ved å vere eit godt førebilete som samtalepartner. Spesielt viktig er det å vere bevisst på at det ein seier med ord, heng saman med kva ein uttrykkjer gjennom kropp, ansiktsuttrykk og gestar.

Barnehagen sin digitale praksis skal handle om korleis ein kan bruke digitale verktøy som ei metode for å, blant anna, få meir leik, betre språkkompetanse og betre læringsmiljø. Rammeplanen opnar ikkje for passiv bruk av digitale verktøy. Dei skal brukast med omhu og ikkje dominere. Personalet har ansvar for å vurdere relevans og didaktisk innhald i apper, vise digital dømmekraft og utforske og vere kreative saman med barna.

4.7.2 Grunnleggjande ferdigheiter i skulen

«Læreplanverket definerer fem grunnleggjande ferdigheter: lesing, skriving, regning, muntlige ferdigheter og digitale ferdigheter. Disse ferdighetene er del av den faglige kompetansen og nødvendige redskaper for læring og faglig forståelse. De er også viktige for utviklingen av elevenes identitet og sosiale relasjoner, og for å kunne delta i utdanning, arbeid og samfunnsliv»...

«I undervisningen må de grunnleggjande ferdighetene ses både i sammenheng med hverandre og på tvers av fag. De grunnleggjande ferdighetene hører hjemme i alle fag, men fagene spiller ulike roller i utviklingen av de forskjellige ferdighetene» (Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen, UDIR, 2017).

Lesing som grunnleggjande ferdigheit

Lesing er ein grunnleggjande ferdighet som i følge Kunnskapsløftet skal integreres i opplæringen i alle fag. Alle lærarar er dermed posisjonert som leselærarar med ansvar for lesing i sine fag.

Skriving som grunnleggjande ferdigheit

Skriving er eit redskap for kunnskapsutvikling i alle fag, samtidig som ein gjennom skriving viser måloppnåing i faga. Å lære seg eit fag er å lære seg å uttrykke seg om og i faget på ein måte som oppfattast som faglig relevant. Dette innebær at alle lærarar har fått eit ansvar for skriveopplæringa i sitt fag.

Rekning som grunnleggjande ferdigheit

Rekning er ein grunnleggjande ferdigheit som går på tvers av fag. Ferdigheiten å kunne rekne er å bruke matematikk på ein rekke livsområder. Det innebær å resonnerer og bruke matematiske begreper, fremgangsmåtar, fakta og verkty for å

løyse problem og for å skildre, forklare og forutsjå kva som skjer. Alle lærarar skal ivareta arbeid med rekning i opplæringa i sine fag, og dei skal leggje til rette for at det skjer ein progresjon i utviklingen av ferdigheiten hos eleven.

Munnlege ferdigheiter som grunnleggjande ferdigheit

Munnlege ferdigheiter innebær å skape meining gjennom å lytte, tale og samtale. Det betyr å meistre ulike språklege handlingar og å samordne verbale og andre delferdigheiter. Det betyr vidare å kunne lytte til andre og gje respons og vere bevisst på mottakar når ein sjølv tale. Alle lærarar skal ivareta arbeid med munnlege ferdigheiter i opplæringa i sine fag

Digitale ferdigheiter som grunnleggjande ferdigheit

Digitale ferdigheter vil si å innhente og behandle informasjon, vere kreativ og skapande med digitale ressurser, og å kommunisere og samhandle med andre i digitale omgivnader. Det innebær å kunne bruke digitale ressurser hensiktsmessig og forsvarleg for å løyse praktiske oppgåver.

Digitale ferdigheiter innebær også å utvikle digital dømmekraft ved å tilegne seg kunnskap og gode strategier for nettbruk. Digitale ferdigheter er en viktig forutsetning for vidare læring og for aktiv deltakelse i eit arbeidsliv og eit samfunn i stadig endring.

Den digitale utviklingen har endret mange av premissene for lesing, skriving, rekning og munnlege uttrykksformer. Derfor er digitale ferdigheiter ein naturleg del av grunnlaget for læringsarbeid både i og på tvers av faglige emner. Dette gje mogelegheiter for nye og endra læringsprosessar og arbeidsmetodar, men stiller også økte krav til dømmekraft.

4.8 Samarbeid heim – barnehage/ skule

Samarbeid mellom skule/barnehage og heim byggjer på tillit og kommunikasjon mellom likeverdige partar. Det er viktig at barn og foreldre/føresette er aktive medspelarar i det enkelte barn si læring og læringsmiljø både i barnehage og skule. Sør-Fron kommune har som mål at:

Mål:	Barn i barnehagen har rett til medverknad.
Tiltak :	- Barnesamtaler kvar vår. - Overgangssamtaler kvar vår for dei eldste barna. - Barn skal få delta i planlegging og evaluering. - Observasjon.
Evaluerings:	Evaluere jevnleg på møter i personalgruppa.

Mål:	Sikre gode overganger mellom barnehage og skule, og gjennom det 13-årige skuleløpet.
Tiltak :	- Barnehagane gjennomfører oppstartssamtale med foreldre før barna startar i barnehagen - Ved oppstart av nytt skule- og barnehageår skal føresette/foreldre få ein telefon frå kontaktlærer / pedagogisk leder. - Bruke tida det siste halvåret i barnehagen slik at barna blir godt kjende på skuleområdet, både ute og inne. - Faddersamarbeid mellom dei eldste i barnehagen og 5. klasse. - Bruke rutine for overganger i skole/bhg. - Rutine og nettverk for rådgjevarar på ungdomskulane i Midtdalen. - Rutine for samarbeid mellom den vidaregåande skule og grunnskuleopplæringa. Faste møter kvart skoleår.
Evaluering:	- Evaluere på møter kvar haust og vår.

Mål:	Elevane skal delta i planlegging og vurdering av si eiga læring.
Tiltak:	-Læraren har dagleg dialog med elevane om det faglege arbeidet. -Elevsamtalene skal brukast til vurdering/planlegging av det faglege arbeidet. -Lærarane skal bruke eigenvurdering på vekeplanen, logg eller Liknande.
Evaluering:	-Attendemelding gjennom elevundersøkinga. -Attendemelding på utviklingssamtaler. -Dagleg samtale / oppfølging av elevane.

Mål:	Alle skulane skal ha aktive elevråd.
Tiltak:	-Elevrådslærer skal utarbeide møteplan. -Elevrådslærer skal sørge for å konstituere elevrådet. -Rektor og elevrådet skal ha jamnleg samarbeid.
Evaluering:	-Attendemelding gjennom elevundersøkinga. -Attendemelding frå elevrådet ved skuleslutt.

4.9 Kvalitetsvurderingssystem om krav i opplæringslov og forskrifter

Oppvekst i Sør-Fron kommune har som mål at:

- Skulen bruker elevane sitt læringsresultat og diverse undersøkingar som utviklingsgrunnlag for skulen, klassa og eleven.
- Skulen skal bruke lærings- og dei ulike undersøkingsresultata til å skape betre kvalitet i skulen.
- Skulen har ein god praksis for elevvurdering slik at eleven sitt læringsutbyte blir auka.
- Skulen og barnehagane skal ha gode rutinar som sikrar at krav i lov og føreskrifter blir følgde opp.

Oppvekst har vedteke eit system for kvalitetsvurdering etter § 13-10 i opplæringslova og barnehageloa § 6. Det er forventat at skulane og barnehagane følgjer opp krava med tanke på å ha gode rutinar for oppfølging av lovverket. Skuleeigar og barnehagemyndigheit undersøker dette ved å nytte

- Kvalitetssikringssystem etter opplæringslova
- Tilsyn i barnehagen – samarbeid med Nord-Fron og Ringeby
- Risikovurdering i barnehagen og skulen
- Utarbeide «Tilstandsrapport»
- Nytte «Reflex»
- Leiarmøte kvar månad

4.10 Vurdering av måloppnåing

Målet er at resultata på dei nasjonale prøvene skal liggje på landsgjennomsnittet eller betre. For å kunne vite om vi lykkas, må vi være systematiske i vårt analyse- og vurderingsarbeid over tid. Videre skal de ansatte skoler og barnehager i metodikk i analysearbeid, gjennom den desentraliserte ordningen for kompetanseutvikling i planperioden.

Skulen og barnehagen vil drive analysearbeid og vurdering gjennom:

- Resultata frå obligatoriske kartleggingsprøver i lesing, skrivning og rekning
- Tilbakemelding frå barn i barnesamtaler og føresette i utviklingssamtaler i barnehagen
- Tilbakemelding frå elevar og føresette i elevsamtaler og utviklingssamtaler i skulen
- Tilbakemelding frå elevar og føresette i elev – og foreldreundersøkinga,
- Eksamensresultat/grunnskulepoeng
- Fagevalueringar/tilbakemeldingar frå læraren
- Ståstedsanalysen
- Kompetanseheving på analysearbeid og metodikk.

Eller vurderes skule- og barnehagedrifta gjennom:

- Nasjonale brukarundersøkingar (elevundersøkinga og foreldreundersøkinga)
- Elevprestasjonar – karakterstatistikk
- Vernerunde/HMS
- Evaluering/rapportering av prosjekt
- Evaluering av verksemdplan
- Årsregnskap
- Årsplan
- Tilstandsrapport
- Styringsdialog med kommunalsjef
- Ekstern vurdering, tilsyn m.m.
- Barnehagerapportering
- GSI-data (Grunnskolestatistikk)
- Tilsyn i barnehagane i samarbeid med 3k (Ringebu, Nord Fron og Sør Fron)

5. KOMMUNALE SATSINGSOMRÅDE

5.1 Etter og videreutdanning

For meir informasjon om etter- og videreutdanning av skoleledere og lærere, se kapittel 4.3.

5.2 Inkluderande barnehage og skulemiljø

Barnehage og skule deltek i det nasjonale utviklingsprosjektet «Inkluderande barnehage og skulemiljø» i 2016 - 2018. Utviklingsprosjektet blir drifta av ei prosjektgruppe, som består av rektorar og styrar, i tillegg til kommunalsjef for Levekår og pedagogisk rådgjevar i Sør-Fron kommune. Den sistnemnte er ressursperson i prosjektet.

Prosjektgruppa har utarbeidet ein eige plan for utviklingsarbeidet, kor det er set opp mål og kva for aktivitetar som skal fremje måloppnåing. Planen inneheld og ei tidsramme, samt ei liste over kva for forskningsbasert litteratur som skal lesast.

Kompetanseheving skal blant anna skje ved at ressursgruppa deltek på nasjonale og regionale samlingar 4 gongar pr. år. Resten av personalet skal tileigne seg ny kompetanse/ kunnskap ved at prosjektgruppa delar informasjon frå samlingar, kollegaobservasjon og veiledning på eigen skule/ barnehage, deltaking på planleggingsdagar med eksterne foredragshaldarar, og lesing av forskningsbasert litteratur. Barnehagen har så langt i utviklingsarbeidet hatt fokus på vaksenrolla, medan skulen arbeider mest med klasseleiing. I tillegg jobbar alle med førebyggingsarbeid både på individ- og systemnivå.

5.3 Skoleutvikling og ikt

For å få utnytta IKT til å gi gevinstar krev det målretta skuleleiarar som leiar prosessar med å innrette bruk av IKT på sine skular, slik at utstyr, infrastruktur, organisering av verksemda, kompetansenivåa hos dei tilsette og sikkerheita, er elementar som arbeider mot dei same overordna utviklingmåla ein har sett seg for skulen sin. Skulane gjennomfører kvart år fleire kompetansepakker, ved å ta i bruk nettstaden ikt.plan.no. Denne nettstaden er utarbeidet av Utdanningsdirektoratet, nettopp med tanke på å auke kompetansa til både lærarar, skuleleiarar og skuleeigarar. Skulane kjem til å halde fram med dette arbeidet også dei neste to åra.

Hausten 2018 blir det innført elevipadar på alle trinn. Det blir i det høve arrangert to dagar med kurs for alle tilsette før skulestart, i tillegg til at dei får to dagar med ekstern oppfølging ute på skulane seinare i haust. Bruk av ipad i undervisninga og heime, blir på mange måtar som ei ny lærebok som har ubegrensa med informasjon.

5.4 Lærarspesialistfunksjonen

Sør-Fron deltek i den nasjonale piloteringa av lærarspesialistar. Det er to-årige funksjonar som lærarspesialist innafor spesialiseringsområdet norsk, med særleg vekt på grunnleggjande lese- og skriveopplæring på barneskulen. Lærarspesialisten skal bidra til fagleg utvikling hos lærarar, fagleg styrking av skulen og sikre høg kvalitet på norskundervisninga på skulen. Lærarspesialisten skal ikkje vere ein administrativ ressurs og undervisning skal utgjere størsteparten av funksjonen som lærarspesialist.

Lærarspesialistane utarbeider seg ein handlingsplan kor tema, tidspunkt/ tidsbruk (bruk av fellestid) og metodebruk er skisert. Fagleg oppdatering innafor skuleutvikling, relevant forskning, fagdidaktikk og ny undervisningspraksis skal fremjas av lærarspesialisten på den enkelte skule, og dei har medansvar for å ta initiativ til at det blir gjennomført skulebasert kompetanseutvikling. Skuleeigar skal leggje ein overordna plan for arbeidet, og skuleeigar- og leiarar skal sørge for at lærarspesialisten får god oppfølging, gjere mandatet kjent i personalet, og gje tid til arbeidet i den profesjonelle fellesskapet.